

Bakeri i Lom heilt sidan 1890

BAKER



Bakar Einar Teigen og kona Tora framfor sentralen som romma bakeri, bakeriutsal og telefon-sentral. Her var det bakeri frå Th. Garmo starta opp rundt århundreskiftet heilt til PL Jotun etablerte seg i 1951 – i om lag eit halvt århundre. Bildet er frå 1940-åra.

Det har faktisk vore bakar og bakeri i Lom meir eller mindre samanhengjande heilt sidan 1890. Lars Eilevson Marstein Vike starta da bakeri i det som var kalla foreiningsbyggnaden i nørdr Fosstugun og sidan har det vore råd å få kjøpt ferskt brød på Bergom.

Det var rundt 1890 at det heile starta opp. Bakar Lars Eilevson Marstein Vike fekk da feste på ei tomt mellom det som var kalla foreiningsbyggnaden og nørdr Fosstugu og bygde det fyrste bakeriet på Fossbergom. Denne etableringa var det stor strid om, da «dei framsynte inkje ville sleppe bakar inn i bygda».

-Kjerringar som inkje kan snu ein leiv

«Her er vorte saa mykje arbeidarar som sit i ei stugu med ei kjerring som inkje kan snu ein leiv, saa er det kaku fraa bakeriet aa lite paa for tannløysum. Men saa har me fengje tvo tannlækjarar i Lom. Det fylgjest aat.»

«Berre aa tenkje paa alle byfolk og turist-ar sumarstid. Jau, her trengs kaku. Vi vert mest nedtrakka av byfolk. Alle vil liva av turistene», vart det sagt og nedskrive tidleg på 1900-talet. Bakeridrifta i Fossstugun vart ikkje langvarig. Berre nokre år seinare dreiv Rolf Mohn handel i dei same lokala som Marstein starta bakeri.



“Stripa” mellom Fossheim og Torjerbue i 1896 der Th. Garmo da var i full gang med å planleggje bakeri. Til venstre var Torjerbue på plass. På Nordal går det berre to år før Embjørg og Gabriel søkjer om løyve til å selje heimebryggja øl åt “bygdafolk og ferdmenn” og dermed var i full gang med turistdrift. Foto: Sylfest Vange/ Gudbrandsdalsmusea.

Th. Garmo

I 1894 skjer det ting på «Fossbergom aust». Sevald Eirikson Furuheim kjøpte da Ulstad og fekk skuldsett Ulstad søre. Han selde dette vidare til Thorgeir H. Garmo i 1896, som sette opp ein stor bygning henta frå Skjåk og Fossheim Hotell var eit faktum. Saman med kona Embjørg dreiv dei gardsbruk, hotell, butikk på Torgjerbue og skyss-stasjon.

«Th.» bygde noko seinare bakeri mellom Fossheim og Torjerbue og tilsette Erik Olsen frå Gjøvik som bakar. Den same Olsen kjøpte og overtok Søre Bøervoll, som staden heitte, i 1919 og heldt fram med bakinga i bygget. Olsen gifta seg med Anne Teigen, og fekk med seg bror til kona, Einar Teigen, til å bake. Ut i 30-åra overtok Einar drifta av bakeriet. Olsen vart ekspeditør på bilkontoret.

Bakeridrifta på Sentralen, eller Kuba*, vara heilt fram til PL Jotun starta bakeri i 1950/51. Einar vart med og arbeidde på det nye bakeriet. Det var ikkje grunnlag for fleire bakeri i bygda. PL Jotun dreiv bakeri og forsynte heile Ottadalen med brød og bakervarer i 60 år frå lokala til Lom Koop. heilt fram til 2010.

Bakeriet i Lom

I våre dagar er det Bakeriet i Lom som står for forsyning av boller og brød i Lom. Det var nok ikkje på langt nær alle som hadde trua på prosjektet til Morten Schakenda og familien da dei fløtte til Lom og starta opp i Fosstugun i 2004. 16 år seinare er Bakeriet i Lom ein



Torleif Kvehaugen og Knut Kjørli på PL Jotun tidleg på 1970-talet.

turistmagnet av dimensjonar, som er med på å styrke Lom som reisemål vesentleg. Bakeriet i Lom er på alle sine lepper og alle skal innom Lom sin «Baker street».

Utstrakt korndyrking

Lom og Skjåk var på 1800-talet gode kornbygder med rike avlingar av rug og bygg og var også eit sikkert kornkammer for andre bygder. Frå Lom vart det i åra 1835-1855 «eksportert» heile 2500 tønner bygg til andre bygder. Denne kornvelstanden danna eit godt grunnlag for bakeridrift.



Morten Schakenda og Bakeriet i Lom fører dei rike bakartradisjonane i Lom vidare på ein framifrå måte. Foto: Sigurd Fandango

Kvern i Prestfossen

Den fyrste tomte som presten i Lom leigde bort på «Bergoms-sia», var eit kvernstøde. Det var i 1769 og da hadde det alt vore kvern lenge på andre sida av Bøvra. Skånsar, Kvåle, Skjæsar og Gjeisar fekk da løyve til å setje opp kvern, mot 1 ort i tomteleige og plikt til å male 40 tønner korn gratis for presten. Ei ny avtale frå 1799 gjeld oppattbygging etter at ofsen hadde rasert kverna i Prestfossen året før. I 1865 var det registrert kvernbruk både på Nørdre og Søndre Fosstugu.

*Det var og er mange utanlandske namn på eigedomar på Fossbergom som Sinai, Kreta og Kuba. Det siste kjem kanskje av at bygget vart liggjande litt i «ingenmannsland», for seg sjølv mellom Torjerbue og Fossheim.

Kjelder:

- Mat frå gard og grend. Lesja bondekvinneleg.
- Fossbergom 1894 - 1994.
- Bygdabok for Lom.
- Maten og matressursene i Gudbrandsdalen. ØF-rapport 2012, Hans Olav Bråtå og Merethe Lerfald /Nordset 1995:47
- Gerda Teigen: Utlån foto/utlån skilt. Skiltet er frå bakeriet på Sentralen.
- Gabriel Lund
- Rune Wiker: Utlån foto.



Det var stor aktivitet på Fossbergom rundt førre århundreskiftet. Dette fotografiet er frå 1906 teke frå Presthaugen. Foreiningsbygget, som Lars Eilevson Marstein starta det fyrste bakeriet i, ligg til høgre på bildet. Bak Fossberg er Torjerbue delvis restaurert etter at bygget vart sett opp nokre år tidlegare. Fossheim har her vore i drift i 10 år. Kuba med bakeriet mellom Torjerbue og Fossheim. Foto Hans H. Lie/Gudbrandsdalsmusea.